



Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune

19 FEB 2015

Dato: 18.02.2015

## Overskuddsmasser - problem eller ressurs?

I tråd med anbefalingene fra forprosjektet «Ta vare på matjorda» i regi av Meland kommune, vil Norsk Landbruksrådgiving i samarbeid med Bioforsk, søke om kr 100 000 i støtte til prosjektet «Overskuddsmasser – problem eller ressurs». Vi har laget en foreløpig prosjektgruppe som består av:

Trygve Torsteinsen, Norsk landbruksrådgiving Hordaland  
Samson Øpstad, Bioforsk Fureneset  
Olav Martin Synnes, Norsk landbruksrådgiving Sunnmøre  
Are Johansen, Norsk landbruksrådgiving Lofoten

Det er helt klart et behov for både fagkunnskap og klarere retningslinjer for hvordan overskuddsmasser bør handteres. Prosjektet ønsker derfor å lage ei faglig svært grundig håndbok for handtering av slike masser til jordbruksformål, hvor vi også belyser miljøaspekter som klimagasser, biologisk mangfold og avrenning til vassdrag. Vi vil samtidig utarbeide en kortere, enklere og praktisk rettet veileder, beregnet på entreprenører og maskinførere og offentlige saksbehandlere.

Prosjektet vil dessuten utarbeide forslag til et standard avtaleverk mellom grunneier og utbygger/entreprenør. I tillegg ønsker vi å delta i arbeidet med å utvikle bedre offentlige saksbehandlingsrutiner for handtering av overskuddsmasser, både ved enkeltsøknader og til bruk i areal- og reguleringsplaner.

Resultatmålet for prosjektet er *Mer av overskuddsmasser fra utbyggingsprosjekt blir brukt på en samfunnstjenlig måte, blant annet til utviding og forbedring av jordbruksareal.*

Med hilsen



Trygve Torsteinsen  
Prosjektleder

Vedlegg:                      Prosjektbeskrivelse  
                                    Milepælplan, ressursplan, budsjett



## Prosjektsøknad

Søknadsår	2015-2016
Stønadsordning	Klimaprogrammet
Prosjektnamn	Overskotsmassar – problem eller ressurs?

I område med stor byggeaktivitet får lokale grunneigarar ofte tilbod om å ta imot store mengder overskotsmassar av jord av vekslande kvalitet. Det finst dessverre svært mange døme på ukyndig bruk av slike massar på dyrka jord. Ein ser og mange tilfelle med mellombels inngrep på dyrka jord, kor areala ikkje vert sett i stand igjen på ein tilfredsstillande måte.

Korleis kan jord og overskotsmassar av ulike kvalitetar brukast for å lage varige jordbruksareal med best mogleg produksjonsevne? Det er eit stort behov for å samla fagkunnskap og praktiske røynsler i ei handbok for handtering av jord og overskotsmassar. Vi ser trong for gode skriftlege avtalar mellom landbruksføretak/grunneigar på den eine sida og entreprenør og byggherre på den andre sida. Det bør samstundes utarbeidast ein god rettleiar for kommunal handsaming av overskotsmassar i planprosessane for utbyggingssaker.

## Prosjektforklaring

Prosjektet har kome i gang etter påtrykk frå landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen i Hordaland, og Hordaland Fylkeskommune har sett av 200.000 kroner i klimaplan for 2015 til arbeid med denne problemstillinga. I dette fylket er det ein stor og omfattande byggeverksem, både i privat og i offentleg regi. Dei aller fleste byggjeprosjekt gjer at der vert det mykje overskotsmassar, og i mange tilfelle får ein problem med å handtera desse på ein god og samfunstenleg måte. Ein ser ofte at der vert svært omfattande og tildels lang transport av overskotsmasser, og i nokre tilfeller jamvel at byggjeprosjekt stoggar og vert forseinka, grunna at ein ikkje har tatt omsyn til slike spørsmål tidleg nok i planprosessane, og fått på plass dei avklaringar og godkjenningar som krevst.

Det har vore gjennomført ein forstudie, leia av jordbruksjefen i Meland kommune, og rapporten herifrå har følgjande framlegg til hovudprosjekt:

- *Sjølve jordflyttinga og alt til denne handlinga høyrande av tema*
- *Planleggingsfasen og alt til denne fasen høyrande av tema*
- *Sikring av miljø og biologisk mangfold i samband med flytting av massar*
- *Definisjon av omgrep, utarbeiding av prosedyresamling*

Vi kan dele opp tilrådingane frå forstudien i to delar; ein fagleg del og ein «byråkratisk» del. Dette prosjektet vil ta føre seg den faglege delen slik den vert vist til i punkt 1 og punkt 3 i framlegga til hovudprosjekt; - «sjølve jordflyttinga og alt til denne handlinga høyrande av tema», og «sikring av miljø og biologisk mangfold i samband med flytting av massar».

Om overskotsmassar vert nytta til planering, utbetring og utviding av jordbruksareal på rett måte kan det auke avlingane og gje grunnlag for auka matproduksjon. Dette vil vere svært positivt for landbruksføretaket og for samfunnet generelt. I dag manglar mange maskinførarar, entreprenørar og byggherrar kunnskap om korleis jord og ulike massar skal nyttast til jordbruksføremål, og korleis dette planmessig må leggjast opp. Rådgjevarar ved Norsk Landbruksrådgjeving erfarer mange gonger at dei først vert trekt inn i prosjekt som berører landbruksareal, når det eigentleg er for seint.

Prosjektet vil utarbeida ei omfattande og grundig handbok for korleis overskotsmassar kan brukast på ein god måte til planering, heving, utbetring og /eller utviding av jordbruksareal. Handboka skal samle informasjon, erfaringar og kunnskap som finst i dag hjå forskingsinstitusjonar, entreprenørar, gardbrukarar og kommunar.

Det vil bli lagt spesielt vekt på dei utfordringane som er knytte til organisk jord (myr- eller torvjord), som det er mykje av i dei fleste kommunane langs kysten. Store nedbørsmengder i denne regionen gjer arbeidet ekstra utfordrande, både med omsyn til handtering av massar og ikkje minst drenering. Forming av terrenget er viktig med tanke på å få til ei god og varig drenering.

I ei tid med sterkt fokus på CO<sub>2</sub> utslepp og emisjon av lystgass, og "høgttenking" om forbod mot dyrking av myrjord, bør det også settest krav til handtering av myrjord i utbyggingssaker. Det er særskilt viktig å skilja mellom torvjord og mineraljord både ved uttak, mellomlagring og tilbakelegging av overskotsmassar.

Handboka vil stille særskilte krav til toppdekke på dyrka jord, både med omsyn til jorddjupne, fysiske eigenskapar (t.d. steininnhald) og kjemisk innhald.


Handboka skal også ha med ein del som omhandlar deponering/bruk av sprengingsmassar i samband med utbetrting/tillaging av jordbruksareal, krav til korleis dette vert gjort og krav til jord som vert lagt oppå, både med omsyn til jorddjupne og kvalitet.

Handboka skal også ta for seg dei undersøkingar og risikovurderingar som bør gjerast med tanke på skadeleg ugras, organismar, plantesjukdommar og forureining. Det er umogleg å flytte jord frå ein stad til ein annan utan miljøpåverknad, men handboka skal visa korleis ein kan redusera skadeverkaden så mykje som råd. Dette gjeld særleg avrenning til vatn og vassdrag, både ved korleis (og ikkje minst når!) arbeidet vert gjort, og gjennom avbøtande tiltak.

For å gjere kunnskapen lettare tilgjengeleg for maskinførarar, entreprenørar og byggherrar skal det utarbeidast ein kort og praktisk rettleiar for handtering av overskotsmassar. Det skal også utarbeidast ein standardavtale for bruk mellom landbruksføretak/grunneigar og entreprenør/byggherre.

#### Eng på tipp ga overraskende stor avling

6 NLR rådgivere ble utfordret til å finne hver sin kandidat. I Hordaland falt valget på Helge Henanger fra Frekhaug i Meland. Tidlig på etter-julswinteren startet vi planleggingen av vekstsesongen og satte opp gjødselplan. Hver kandidat måtte stille med 10 dekar 2. års eng og etter å ha inspisert to mulige arealer hos Helge, bestemte vi oss for å bruke et areal med tilkjørt jord som var ferdig planert vinteren 2012.



Gården til Helge Henanger ligg i Frekhaug i Meland kommune. I «Avlingskampen» stilte han med 2. års eng på eit areal med tilkjørt jord.

Frå rådgivningsmelding nr 1/2015 NLR Hordaland.  
Godt døme på rett bruk av overskotsmassar.

## Kontaktopplysningar

Funksjon	Namn	Adresse	Poststad	Telefon
Søkjar /prosjekeigar	Norsk Landbruksrådgiving / Bioforsk	Sjusetev. 27	5610 ØYSTESE	98245838
Kontaktperson	Liv Lyngstad	Sjusetevn. 27	5610 ØYSTESE	98245830
Prosjektleiar	Trygve Torsteinsen	Krokeidev. 13	5244 FANA	98245845

**Motteke offentleg støtte tidlegare:** Ja - fleire prosjekt frå Stat, Fylkeskommunar og Fylkesmenn

## Spesifikasjon

### Forankring

Prosjektet er godt forankra i nasjonale så vel som internasjonale politiske målsettingar. 2015 er FN sitt internasjonale jordår, med fokus på vern av jordressursar slik at alle økosystemfunksjonar skal haldast oppe for noverande og framtidige generasjonar. I Noreg har Stortingsmelding nr 9 eit overordna mål om å auke matproduksjonen i takt med befolkningsauken. Meldinga peiker og på trangen for å verna arealressursane, og at tapet til vatn (avrenning) og til luft (emisjon av klimagassar) skal vera minst mogeleg.

Hordaland Fylkeskommune har teke dette inn i sin klimaplan, og sett av 200 000 kroner til arbeid på dette feltet i perioden 2015-2016

## Bakgrunn

Sjølv om prosjektet har kome i stand etter påtrykk frå Fylkesmannen i Hordaland, er det og stor etterspurnad etter fagkunnskap på dette feltet både i Møre og Romsdal og i Nordland fylker. Vi ser dermed eit akutt behov for kunnskap i heile kystregionen, og moglegvis i heile landet.

Der vert overskotsmassar i dei aller fleste byggeprosessar. I område med stor aktivitet og mange utbyggingsprosjekt er det ofte vanskeleg å finne gode løysingar for disponering av overskotsmassane. Om dei brukast til planering, utbetring og utviding av jordbruksareal, kan dette gje grunnlag for auka matproduksjon og vere til gode for landbruksverksemda føresett planmessig og rett gjort. Mange maskinførarar, entreprenørar og byggherrar manglar fagkunnskap om eigenskapar til ulike slag av torvjord og mineraljord og korleis jord og lausmassar skal handterast for etablering av gode jordbruksareal. Dette har ført til at areal i ettertid har vorte uproduktive og til dels uegna for jordbruksproduksjon. Norsk Landbruksrådgiving har vore i kontakt med mange gardbrukarar i fleire fylke, som treng råd for kva tiltak som trengs for å rette opp tilstanden og auke avlinga på slike areal.

Det manglar og som oftast gode avtalar mellom byggherre og grunneigar som sikrar at overskotsmassane vert nytta slik at areala kan nyttast til jordbruksproduksjon i ettertid. Særleg vert det ofte i ettertid usemjø om kvaliteten på toppdekket, og kva som ligg i omgrepene «fulldyrka jord».

Det er også svært ulik sakshandsaming i kommunane i saker som gjeld masseflytting.

Langs heile kysten er det ei spesiell utfordring i at det kan vere mykje torvjord i overskotsmassane, og det kan og vere mykje torvjord på areal som der ein tenker å nytte desse. Det er då viktig at mineraljorda vert teken vare på og lagra for seg, og at mineraljorda vert nytta i sluttprosessen med å skapa tenleg jordbruksareal for framtida, med tilstrekkeleg tjukt mineraljordlag i øvre del.

## **Prosjektmål**

Hovudmål:

Legge til rette for at overskotsmassar i byggeprosessar vert brukt til å forbetra eksisterande jordbruksareal og til å etablere nye jordbruksareal. Sikre at dyrka jord som vert utsett for mellombels inngrep, vert istandsett på ein god måte som gjev grunnlag for framtidig rasjonell jordbruksdrift.

Delmål:

1. Utarbeide ei fagleg god og omfattande handbok for flytting av både matjord og andre lausmassar. Det skal leggast særleg vekt på problematikken rundt handtering av torvjord, og ivaretaking og bruk av mineraljord i topplag.
2. Utarbeide ein kortfatta og praktisk rettleiar for masseflytting, retta mot maskinførarar, entreprenør og byggherrar.
3. Utarbeide forslag til standard avtaleverk mellom landbruksføretak/grunneigar og entreprenør/byggherre
4. Samarbeide med dei som tek på seg å utarbeide ein rettleiar for kommunal sakshandsaming for å sikre at fag og byråkrati vert mest mogleg samkjørde
5. Om vi gjennom arbeidet med prosjektet finn svake ledd i noverande regelverk, kome med forslag til presiseringar og endringar.

## **Prosjektorganisering**

Prosjekteigar: Norsk landbruksrådgiving

Prosjektansvarleg: Liv Lyngstad, dagleg leiar, Norsk landbruksrådgiving Hordaland

Prosjektleiar: Trygve Torsteinsen, Norsk landbruksrådgiving Hordaland

Prosjektgruppe: Samson L. Øpstad, Bioforsk avd. Fureneset

Are Johansen, Norsk Landbruksrådgiving Lofoten

Olav Martin Synnes, Norsk Landbruksrådgiving Sunnmøre

(Prosjektgruppe vil verta utvida når prosjektet har kome i gang.)

## **Samarbeidspartnarar**

Bioforsk, Fylkesmannens landbruksavdelingar, praktikarar og entreprenørar med kunnskap og erfaring, Statens vegvesen, kommunar og fylke som arbeider med dette

## **Aktivitetar**

- Etablere ei referanse- / prosjektgruppe
- Fastsette disposisjon/ innhald for handboka
- Litteratsjonsøk og gjennomgang, hente inn annan informasjon og erfaring

- Få kontakt med andre ressurspersonar. Utanlandske fagmiljø, Bioforsk Jord og Miljø, entreprenørar med røynsle og andre
- Synfaring av vellykka og mislykka prosjekt, få fram kunnskap om kvifor det enten gjekk bra eller dårlig
- Ta del på fylkesmøte, for å informere om prosjektet og få faglege tilbakemeldingar
- Høyrings- / innspelsrundar for handbok, rettleiarar, og avtaleforslag
- Arrangere informasjonsmøte / seminar fylkesvis, mot slutten av prosjektet
- Etablere ei faggruppe som bør vere aktiv nokre år etter at prosjektet er avslutta?

#### **Målgrupper**

Maskinførarar, entreprenørar og byggherrar, Landbruksverksemder og grunneigarar, Kommunal forvaltning og sakshandsamarar, Rådgjevarar og konsulentar

#### **Resultatmål**

Meir av overskotsmassane frå utbyggingsprosjekt vert nytta på ein samfunnstenleg måte, mellom anna til forbetring og utviding av jordbruksareal.

#### **Effektar**

Auka matproduksjon, betre miljø

#### **Tids- og kostnadsplan**

##### **Tidsplan**

Milepælsplan og prosjektdiagram er vedlagt

#### **Budsjett**

<b>Tittel</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>SUM</b>
Skriving og redigering hovedrapport, «Handbok i bruk av overskotsmassar»	456 000	304 000	760 000
Skriving og redigering delrapportar. Standardavtaler og retteiar for maskinførarar/entreprenørar		140 000	140 000
Prosjektorganisering, reisekostnader, administrasjon og diverse	170 000	135 000	305 000
Eksterne tenester, analysar	75 000	75 000	150 000
Informasjonsmøte / formidling av resultat. Møte i ulike fora		245 000	245 000
<b>SUM (avrundet)</b>	<b>700 000</b>	<b>900 000</b>	<b>1.600 000</b>

## **Finansiering**

Tittel	2015	2016	SUM
Fylkesmannen i Hordaland	90 000	90 000	180 000
Hordland Fylkeskommune	50 000	50 000	100 000
Fylkesmannen i Rogaland	25 000	25000	50 000
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	25 000	25000	50 000
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	25 000	25 000	50 000
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag	25 000	25 000	50 000
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	25 000	25000	50 000
Fylkesmannen i Nordland	25 000	25000	50 000
6 fylkeskommunar (same som over)	175 000	175000	350 000
Statens Vegvesen	50 000	50 000	100 000
Avinor	25 000	25000	50 000
Maskinentreprenørenes Landsforbund	25 000	25000	50 000
Landbruksdirektoratet	160 000	360 000	520 000
<b>SUM</b>	<b>700 000</b>	<b>900 000</b>	<b>1 600 000</b>

## **Geografi**

Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag og Nordland fylker.

## **Vedlegg**

Dokumentnamn	Filstørleik	Dato
Milepælplan og ressursplan	465 KB	12.02.2015



## Vedlegg til prosjektsøknad: Overskotsmassar – problem eller ressurs?

### 1. Milepælsplan

Nr	Dato	Hendelse
1	Veke 7-10 <b>2015</b>	Prosjektsøknad sendt til Landbruksdirektorat, fylkesmenn, fylkeskommunar og private aktørar
2	Veke 15-18	Prosjektorganisering og finansiering på plass. Oppstartsmøte i styringsgruppe og referansegruppe gjennomført.
3	Veke 18 -20	Disposisjon av handboka og prosjektplan godkjent av styringsgruppa
4	Veke 18 - 27	Litteraturstudier og feltbefaringar på jordflyttungsprosjekt
5	Veke 33 - 44	Utkast til dei første kapitla i handboka klare. Møter i styringsgruppe og referansegruppe gjennomført. Fleire befarings?
6	Veke 5-15 <b>2016</b>	Utkast til handboka sendt styringsgruppe og referansegruppe
7	Veke 15-20	Forslag til standardavtale og rettleiar for maskinførarar, entreprenørar og byggherrar sendt ut på høyring.
8	Veke 20 - 40	Informasjonsmøte, reaksjonar og innspel.
9	Veke 33-40	Møte i referansegruppe, siste innspel til handbok, standardavtale og rettleiar
10	Veke 40 - 50	Avsluttande arbeid. Handbok, standardavtale og rettleiar ferdig skrivne.
11	Veke 45-50	Publisering av resultat frå prosjektet. Sluttrapport.

### 2. Gjennomføring – Hovedaktiviteter

- 2.1. Fase 1. Oppstart.** Etablere styringsgruppe og referansegruppe. Disposisjon og innhold i handboka.
- 2.2. Fase 2. Innhente informasjon, litteratursøk, etablere kontaktar i fagmiljøet**
- 2.3. Fase 3. Skriving av handboka**
- 2.4. Fase 4. Utarbeide forslag til avtale for handtering av overskotsmassar**
- 2.5. Fase 5. Utarbeide rettleiar for maskinførarar, entreprenørar og byggherrar**
- 2.6. Fase 6. Informasjonsmøter, høyringar og innspel**
- 2.7. Fase 7. Sluttrapportering**

### 3. Tids- og ressursplan

Hovud-aktivitetar	Tidsplan (kvartal 2015-2016)								Ressursbruk timar
	1-15	2-15	3-15	4-15	1-16	2-16	3-16	4-16	
<b>3.1. Fase 1. Oppstart, søknadar, etablere styrings- og referansegrupper. Disposisjon og innhald i handboka</b>	X	X							50
<b>3.2. Fase 2. Innhente informasjon, litteratursøk, etablere kontaktar i fagmiljøet</b>	X	X	X						400
<b>3.3. Fase 3. Skriving av handboka</b>			X	X	X	X			400
<b>3.4. Fase 4. Utarbeide forslag til standardavtale</b>					X	X			75
<b>3.5. Fase 5. Utarbeide rettleiar for maskinførarar og entreprenørar</b>						X			75
<b>3.6. Fase 6. Informasjonsmøte, høyringar og innspel</b>						X	X		75
<b>3.7. Fase 7. Sluttrapportering. Etablering av faggruppe</b>								X	25
<b>Sum timeverk:</b>									1100
Prosjektsøknadar	X								
Referansegruppemøte	X			X		X		X	
Styringsgruppemøte	X	X		X	X	X		X	
Milepæler	X	X		X	X	X		X	
Sluttrapport								X	

## Budsjett

### Satser som er brukt:

Timesats	950 kroner	
Møtekostnader	300 kroner	til lokale og servering pr pers/møte
Reisekostnader	5000 kroner	I alt for 6 personer, pr møte
Fylkesvise informasjonsmøte	35000 kroner	Pr åpent møte

### Kostnader

Prosjektorganisering		2015	2016	Totalt
Prosjektsøknader. Etablere styrings- og referansegruppe	50 timer	47 500		47 500
Styringsgruppemøter, 4 møter og 6 personer	96 timer	45 600	45 600	91 200
Møte i referansegruppa, 2 møte og 6 personer	48 timer	22 800	22 800	45 600
Andre møtekostnader	36 pers/møte	5400	5400	10 800
Reiser	6 møter	15000	15000	30 000
Prosjekt rapport/ regnskap	25 timer		23 750	23 750
<b>Delsum</b>		<b>136 300</b>	<b>112 550</b>	<b>248 850</b>
<b>Handbok i bruk av overskotsmasser til jordbruksformål.</b>				
Disposition, litteraturstudier, intervjuer oa., befaringer i felt.				
Skriving og redigering	800 timer	456 000	304 000	760 000
Reiseutgifter feltbefaringer		35 000	25 000	60 000
<b>Delsum</b>		<b>491 000</b>	<b>329 000</b>	<b>820 000</b>
<b>Eksterne tjenester</b>				
Analyser og ymse		75 000	75 000	<b>150 000</b>
<b>Rettleiar for bruk av overskotsmassar for jordbruksføremål</b>				
Skriving / høringsrunde	75 timer		71 250	<b>71 250</b>
<b>Forslag til standardavtale bruk av overskotsmassar til jordbruksformål</b>				
Skriving / høringsrunde	75 timer		71 250	<b>71 250</b>
<b>Informasjonsmøter, høringer og innspill</b>				
Fylkesvise møter/seminarer	7 stk		245 000	<b>245 000</b>
<b>SUM (avrundet)</b>		<b>700 000</b>	<b>900 000</b>	<b>1 600 000</b>

<b>Finansiering</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>Totalt</b>
Fylkesmannen i Hordaland	90 000	90 000	180 000
Hordaland Fylkeskommune	50 000	50 000	100 000
Fylkesmannen i Rogaland	25 000	25000	50 000
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	25 000	25000	50 000
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	25 000	25 000	50 000
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag	25 000	25 000	50 000
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	25 000	25000	50 000
Fylkesmannen i Nordland	25 000	25000	50 000
6 fylkeskommunar (same som over)	150 000	150000	300 000
Statens Vegvesen	50 000	50 000	100 000
Avinor	25 000	25 000	50 000
Maskinentreprenørenes Landsforbund	25 000	25000	50 000
Landbruksdirektoratet	160 000	360 000	520 000
<b>SUM</b>	<b>700 000</b>	<b>900 000</b>	<b>1 600 000</b>